



Uskedal kom på tredje plassen etter Husnes (biletet) og Helgøysund i tevlinga om å bli Årets Båthavn i Noreg. Rosendal nye båthamn vart nummer sju. Husnes vann tevlinga også i 2006. I fjor vart Uskedal også nummer tre - etter Helgøysund og Husnes.

Båtlagsleiar Agnar Melkersen gjev først og fremst hamnevertane æra for topp-plasseringa. I fjorårssesongen registrerte båtlaget 3.200 gjestedøgn og det ser ut til å bli enda fleire denne sesongen.

Melkersen seier til husnes nett.no at båthamna set både Kvinnherad og Husnes på kartet og at Husnes no er like godt kjent på landsplan som Baroniet.